



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING

for

VILLREINNMENDA for SOGN OG FJORDANE 2024

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har i 2024 bestått av fylgjande medlemmar:

Kommune	Namn	Villreinområde
Askvoll	Kjell Kristian Carlsen	Sunnfjord
Sunnfjord	Liv Bergliot Løken	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotnen
Gloppen	Julie Lothe	Førdefjella og Svartebotnen
Stryn	Ellen Hilde Hauge	Svarebotnen
Lærdal	Stein Vidar Nemeth	Lærdal/Årdal
Årdal	Jasmin Eminovic	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Arne J Hauge	Vest-Jotunheimen

Vara har vore:

Kommune	Namn	Villreinområde
Askvoll	Astri Thorsen Landøy	Sunnfjord
Sunnfjord	Magnar Rune Hellebust	Førdefjella, Sunnfjord og Svartebotnen
Gloppen	Sjur Atle Austrheim	Førdefjella og Svartebotnen
Stryn	Bendik Kvamme	Svarebotnen
Lærdal	Maritha Tønjum Skjerdal	Lærdal/Årdal
Årdal	Marie-Helene Brandsdal	Lærdal/Årdal og Vest-Jotunheimen
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Vest-Jotunheimen

Etter kommunevalet hausten 2023 vart det i januar 2024 oppnemnd nye villreinnemnder for heile landet for perioden 2024 til 2027. I Villreinnemnda for Sogn og Fjordane vart fem av medlemmene frå den førre nemnda oppnemnd for ein ny periode, og so fekk vi inn to nye representantar. Med andre ord har vi med oss solid erfaring og kompetanse inn i den nye nemnda, kombinert med nokre nye ansikt og nye perspektiv.

Arne J. Hauge frå Luster fekk fornøya tillit som leiar i nemnda. Ellen Hilde Hauge frå Stryn vart valt som nestleiar. Sekretariatet er framleis ved statsforvaltaren i Vestland, med seniorrådgjevar Alf Erik Røyrvik som ansvarleg sekretær. I tillegg har nemnda hatt god støtte frå Statsforvaltaren ved seniorrådgjevar Hermund Mjelstad, seksjonssjef Eline Orheim, miljødirektør Kjell Kvingedal og tilsette på planseksjonen.

Møteaktivitet

Nemnda har hatt to plenumsmøte. Vi har følgd den normale møtестrukturen med eit vårmøte og eit haustmøte.

- Vårmøtet var på Skei i Jølster 10.april. På møtet hadde vi stort fokus på bestandsplanar sidan fire av fem villreinområde skulle få godkjent nye bestandsplanar. Det vart og tildelt fellingsløyve til alle fem villreinområda.
- Haustmøtet var 31.oktober-1.november i Førde. Faglege tema for møtet var Sunnfjord villreinområde og utfordringane der, og i tillegg planane om ny E39 ved Skilbrei og Langeland og kva det vil ha å bety for villreinen. Møtet vart ein del amputert grunna dårleg ver 31.okt. Folk vart oppmoda om å unngå reiser, og vi hadde derfor ein del forfall. Nokre deltok og på teams. Presentasjonen frå Statens Vegvesen og ny E39 vart og sær s forenkla sidan prosjektleiaren der vart råka av innstilt fly.



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Anna møteaktivitet:

- Villreinnemnda er representert i to rådgjevande utval for verneområde, for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og for Jotunheimen og Utladalen.
- Villreinnemnda har delteke på møte om utfordringar med tamrein i Lærdal-Årdal.
- Medlemmer frå nemnda har vore med på årsmøte i nokre av villreinutvala.

Oppstartsamling for villreinnemndene

Det vart arrangert oppstartsamling for dei nye villreinnemndene på Dombås i starten av februar. Fire av medlemmene frå nemnda deltok der i tillegg til sekretæren. Det var eit variert og godt program, og det var særst interessant å treffe og snakke med andre nemnder i landet og fagfolk frå Miljødirektoratet og frå Norsk Villreinsenter.

Arbeid i nemnda

Dei fleste sakene som nemnda handsamar er å gje uttale til ulike konkrete søknader og saker i kommunane og i verneområde, som er i eller har tilknytning til villreinområda. Denne typen saker vert handsama av arbeidsutvalet til nemnda, som består av leiar, nestleiar og representanten frå den kommunen saka gjeld. Oftast skriv sekretæren ei kort fagleg vurdering som vert sendt til arbeidsutvalet, som då tek stilling til den og eventuelt supplerer. Kommunikasjonen går då på e-post. Dette er ein effektiv men samstundes fagleg tilfredsstillande måte å handsame sakene på. Sakene handlar først og fremst om motorferdsel, men og ein del saker som gjeld bygging og inngrep i villreinområda.

Saker som gjeld bestandsplanar, kvotetildeling og større eller prinsipielle saker vert handsama i eit av dei to faste møta som nemnda har kvart år. Mindre saker og høyringar kan og bli tatt opp i dei fysiske møte, dersom det er praktisk mogeleg.

I tillegg til desse konkrete sakene, er det jamleg dialog med Statsforvaltaren, Villreinsentra, nasjonalpark- og verneområdeforvaltning og ikkje minst med sakshandsamarar i kommunane.

Viktige tema som villreinnemnda har jobba med i 2024:

- **Bestandsplanar**

Fire av dei fem villreinområda som ligg under Villreinnemnda for Sogn og Fjordane skreiv nye bestandsplanar i 2024. Planane vart utarbeida i løpet av januar-mars, og deretter sendt til nemnda for godkjenning til vårmøtet i april. Alle fire planane vart godkjende av nemnda og la grunnlag for kvotetildeling.

Alle områda bygga på ein felles mal som Norsk Villreinsenter har laga, og som er knytt opp mot kvalitetsnormen. To av områda fekk hjelp av sekretariatet til sjølve skrivejobben.

Svartebotnen sin plan frå 2020 er framleis gjeldande ut 2024. Dei må lage ny plan frå 2025.

- **Tamrein i Lærdal-Årdal**

Dette er ei sak som har tatt ein del tid i 2024, særleg i siste halvår. Vi har framleis utfordringar knytt til at store delar av Lærdal-Årdal villreinområde ligg feilaktig registrert som beiteområde for tamrein i NIBIO sin kartdatabase Kilden. Dette skapar forvirring hos fagfolk og sakshandsamarar både i offentleg og privat sektor som stolar på desse karta og legg dei til grunn for sitt virke.

Den andre store og aukande utfordringa er tamrein frå Valdres som trekker inn i villreinområdet og blandar seg med villreinen. Dette skjedd i stor skala i 2024 og kan ikkje halde fram.

Villreinnemnda jobbar tett saman med villreinutvalet i denne saka, og vi har dialog med Statsforvaltaren og Miljødirektoratet. Hausten 2024 har endeleg Miljødirektoratet engasjert seg sterkare i saka enn før, og det ser ut til at vi endeleg kan få litt utvikling i saka.



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

- **Motorferdsel**

Villreinnemnda har jobba saman med Sunnfjord kommune, Gloppen kommune og Stryn kommune med å få laga nye retningslinjer for motorferdsel og handsaming av motorferdselsaker i dei kommunane.

- **Klage på løyve til å bygge fritidsbustad i Sunnfjord**

Villreinnemnda sende inn klage på eit løyve som Sunnfjord kommune gav til å bygge fritidsbustad i Solheimsdalen, inne i leveområdet til villreinen i Sunnfjord ytre delområde. Løyvet var i tråd med gjeldande reguleringsplan på søknadstidspunktet, men tomten sidan tomta ligg inne i det som no er registrert som kalvings- og oppvekstområde for villreinen. Statsforvaltaren i Vestland tok ikkje klagen til følge.

- **Kraftsaker**

Nemnda har engasjert seg og sendt fråsegn til fleire kraftsaker. Vi har gått i mot regulering av Selsvatnet i Sunnfjord – ytre delområde. Vi har og vore med og gjeve råd til Hydro sine planer om rehabilitering av dammen ved Viervatn i Lærdal-Årdal. Her har vi sendt inn felles fråsegn med villreinutvalet, og vi føler at vi vert tekne på alvor av Hydro. I tillegg har vi sendt fråsegner til nokre småkraftsaker som har liten eller ingen innverknad på villrein.

Økonomi

Økonomien til Villreinnemnda ligg hos Statsforvaltaren i Vestland. Det er dei som søkjer om midlar frå Miljødirektoratet og som styrer midlane. Oversikt som syner budsjett og forbruk i 2024 kan du sjå under her.

Post	Budsjett 2024	Forbruk
Møtekostnadar	150 000	kr 95 122,65
Reisekostnadar	20 000	kr 15 912,53
Tidsskrift, porto o.l.	2 000	kr 0,00
Medlemskontigent Villreinrådet	2 000	kr 3 302,00
Totalt	174 000	kr 114 337,18

Forbruket er godt innanfor budsjettet. Ein av årsakene til underforbruk er at ikkje alle nemndmedlemmene har sendt inn krav for deltakinga si på møta. Vi har og hatt nokre forfall til møta, mellom anna grunna veret på haustmøtet som forklart tidlegare.

Ut over møta og oppstartsamlinga på Dombås har nemnda lite utgifter i 2024.



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Om dei ulike villreinstammene

Alle fem villreinområde søkte om og fekk fellingsløyve i 2024. Totalt vart det tildelt 95 løyve til områda. Alle områda hadde og ordinær jakt i tråd med sine lokale rutiner og opplegg for fordeling av løyve/kort og gjennomføring av jakta. Totalt vart det felt 54 dyr i dei fem villreinområda.

Villreinområde	Hann-kalv	Ho-kalv	1,5 år bukk	1,5 år simle	Vaksen bukk	Vaksen simle	Tildelt	Felte totalt	Fellingsprosent
Førdefjella	0	0	1	0	1	2	12	4	33 %
Lærdal-Årdal	2	4	2	1	2	2	26	13	50 %
Sunnfjord	3	1	0	1	3	3	12	11	92 %
Svartebotnen	4	3	1	0	2	2	17	12	71 %
Vest-Jotunheimen	3	4	0	0	2	5	28	14	50 %
Totalt	12	12	4	2	10	14	95	54	57 %

Svartebotnen

Svartebotnen har ein ganske stabil stamme som ligg litt over bestandsmålet. Stammen utmerkar seg med høg produktivitet. Under kalveteljinga sommaren 2024 vart det telt 60 dyr, og blant dei 21 kalvar.

Under jakta vart det felt 12 dyr av ein kvote på 17 løyve. Svartebotnen brukar å ha veldig høg fellingsprosent, og dette var uvanleg låg fellingsprosent her. Dårlig ver kan vere noko av forklaringa.

Lærdal-Årdal

Lærdal-Årdal har ein solid og svakt aukande bestand. Dei har mål om å få den til å vekse meir, og har derfor ei konservativ forvaltning med lågt uttak og dei sparar på produksjonsdyr. Under kalveteljinga sommaren 2024 vart det observert 195 dyr, og der var oppunder 50 kalvar per simle/ungdyr.

Gjennom heile året, men særleg i haust, har Lærdal-Årdal hatt store utfordringar med tamrein frå Valdres som har vandra inn i villreinområdet og til dels blanda seg med villrein flokken. Når jakta starta var det fleire både vaksne dyr og kalvar med tamreinopphav som var med hovudflokken. Seinare på hausten vart det observert enno ei flokk med tamrein inne i villreinområdet.

Det vart sett i verk tiltak i samråd med villreinnemnda, Miljødirektoratet og eigarane av tamreinen. Ein del tamrein vart felt både under ordinær jakt og ved uttak organisert av villreinutvalet. Seinare vart flokken med tamrein gjeta ut av området av eigarane.

Under jakta vart det felt 13 villrein av ein kvote på 26. I tillegg vart det felt 14 tamrein som ikkje er med i statistikkane.

Vest-Jotunheimen

Vest-Jotunheimen har truleg den største bestanden av dei fem villreinområda våre. Under kalveteljinga sommaren 2024 vart det telt 306 dyr. Av desse var det få vaksne bukkar, so her var truleg ein eller fleire bukkeflokkar som ikkje vart telt. Villreinutvalet har lagt opp til at stammen skal vekse seg noko større i bestandsplanperioden, og har derfor ei trygg og konservativ forvaltning.

Villreinområdet fekk ein kvote på 28 løyve i 2024, men sidan det er delt opp i fleire mindre vald, so får dei ikkje nytta heile kvoten. Det vart delt ut 21 kort, og av dei vart 14 dyr felt.



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Førdefjella

Førdefjella har ein ganske stabil bestand på 80-90 (vinter)dyr. Sommaren 2024 vart det under kalvetellinga telt 56 dyr, derav 15 kalvar.

Villreinen i Førdefjella er kjent for å vere lite sky, i alle fall enkelte av dyra og i delar av året. Dei går ein del på dyrka mark rundt Sandane og vert ofte observert nær ved og i landbruksområde og infrastruktur. Sommaren 2024 vart det ein del merksemd i lokalmedia då to bukkar frå Førdefjella gjekk langs vegane i Sunnfjord. Det vart mange spørsmål om denne åtferda og det er til tider vanskeleg å forklare.

Villreinområdet fekk ein kvote på 12 dyr. Av desse vart det delt ut 10 kort, og av dei igjen vart 4 dyr felt. Det er uvanleg låg fellingsprosent i eit område kor det normalt sett er høg fellingsprosent. Dårleg ver kan vere ein del av årsaka til det. Det var og fleire jegerar som sleit med å finne reinen under jakta.

Sunnfjord

Sunnfjord villreinområde har ein ganske stabil bestand som truleg er rett i overkant av 100 (vinter)dyr. Under kalvetellinga 2024 vart det telt 91 dyr, og derav 22 kalvar.

Det er ein krevjande bestand å forvalte sidan den er delt i tre delbestandar som har so godt som ingen kjent utveksling mellom kvarandre. Dei tre delbestandane vert derfor veldig små og sårbare både med tanke på genetikk og dødelegheit.

Under jakta vart det felt 11 dyr av ein kvote på 12. Det var ei vel gjennomført jakt.

Utfordringar for forvaltinga

Motorferdsele

Motorferdsele i villreinområda vil alltid vere ei utfordring, og nemnda har fokus på motorferdselsaker. Heldigvis har kommunane blitt meir bevisste på dette og vi får mange saker til uttale. Sjølv om vi stadig får betre rutinar i dei fleste kommunane, er det framleis nokre saker som «glepper» og som vi ikkje får til uttale.

Samhandling med kommunane

Sjølv om det har blitt betre er det framleis litt tilfeldig kva saker vi vert orientert om og får tilsendt slik at vi kan sende inn fråsegn. Nokre sakshandsamarar har gode rutinar og er medvitne på dette. Andre sakshandsamarar kjenner ikkje so godt til oss. Ein del saker får vi ikkje tilsendt, men vert gjort merksame på av tilsette på planseksjonen til Statsforvaltaren.

Bestandsforvaltning

No har alle villreinområda gyldige og fungerande bestandsplanar, og det er eit viktig steg i riktig retning. Men våre små og fragmenterte bestandar er uansett krevjande å forvalte. Dei er sårbare for innavl og for tilfeldige hendingar/ulukker. Vi ser og framleis at det er krevjande å få til den bestandsveksten som er ønskeleg og som planane legg opp til «på papiret».

Tamrein

Situasjonen i Lærdal-Årdal og i grensetraktene mot tamreinområda har i 2024 blitt vesentleg verre. Det står meir om den saka lenger oppe i årsmeldinga. Nemnda og utvalet jobbar vidare med saka utover i 2025, mellom anna saman med Miljødirektoratet.

CWD

Vi har heldigvis ikkje påvist CWD i våre villreinområde enno, men sjukdommen heng enno over heile villrein-Noreg som ein trussel. Det er viktig at vi held oppe gode rutinar for prøvetaking og at vi er med å gjer vår del av jobben for overvaking og eventuelle tiltak.



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Tindevegen

Tindevegen, som er fjellovergangen mellom Øvre Årdal og Turtagrø i Luster, er ein populær veg både for turistar og for lokalbefolkning. Vegen vert nytta både til fritidsbruk, mellom anna til som startpunkt for skiturar, og til lokaltrafikk mellom Årdal og Luster. Vegen er privat og det offentlege har derfor mindre kontroll og styring med drift og bruk av vegen enn det som er normalt med vegar.

Det skjer ein del utvikling og tilrettelegging på og ved vegen. Det er og eit ønske frå fleire interesser om å brøyte opp vegen tidlegare enn det vert gjort i dag. Dette er problematisk for villreinen i Vest-Jotunheimen fordi vegen vil kunne hindre trekk etter at den er brøyta på våren. Villreinnemnda og Vest-Jotunheimen villreinutval følgjer med og engasjerer seg i Tindevegen.

Arne J Hauge
- leiar -

Alf Erik Røyrvik
- sekretær -